



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Mandag 31. mars kl.20.00
Stad:	Digitalt på google meet
Tilstades:	Magnus M. Aronsen, Anna Tveit, Øystein Østensen, Amalia Lodden , Marcus Mannes , Carina Røthing Nilsen (vara), Magnus Molland (vara), Tiril Nævdal (vara).
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	
Forfall:	
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 09/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 10/2025	Godkjenning av referat frå styremøte 12. januar 2025
RK-sak 11/2025	Rekneskapsrapport
RK-sak 12/2025	Kretskonkurransen 2025
RK-sak 13/2025	Statusrapport
RK-sak 14/2025	Ekstraordinært kretsting
RK-sak 15/2025	Tilbakemeldingar frå KL-KS våren 2025
RK-sak 16/2025	Privat utleige av Hedleitun
	Eventuelt

RK-sak 09/2025: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 10/2025: Godkjenning av referat frå styremøte 12. januar 2025

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 12. januar 2025 vert godkjent.

RK-sak 11/2025: Rekneskapsrapport

Rekneskapsrapport frå perioden januar-mars 2025 var ikkje klar til kretsstyremøtet. Den vart difor ikkje gjennomgått.

Kretssekretær gjekk gjennom ein eldre rekneskapsrapport for å vise dei nye kretsstyremedlemmane korleis den ser ut og kva dei ulike tinga betyr.

VEDTAK: Rekneskapsrapport for januar-mars 2025 vert gjennomgått på neste kretsstyremøte.

RK-sak 12/2025: Kretskonkurransen 2025

Kretsstyret skal vere teknisk arrangør for kretskonkurransen 2025.

For å få tilgong til vasskjelda på Lier under konkurransen har grunneigar satt utleigehuset som utilgjengelig for utleige denne helga. Kretsen skal difor betale grunneigar ein kompensasjon for dette. Kretsstyret ynskjer ikkje å bruke sjølve huset i løpet av helga og føreslår ein kompensasjon på 3000kr. Einstemmig vedtatt.

Ansvarsfordeling under helga:

Kiosk – Åkra roverlag

Merke opp områder – Øystein og Magnus

Toalettløysing - Magnus

Ledermiddag – Amalia

Mat resten av helga – Amalia

Handleliste – Amalia

Handling fredag kveld/lørdag morgon - Øystein

Leirbål – Marcus

Beredskap og parkering - SBG

VEDTAK: Kretsstyret tek opplysningane til orientering. Grunneigar får utbetalt 3000kr i kompensasjon for bruk av vasskjelde.

RK-sak 13/2025: Statusrapport

Kretssekretær presenterte ein oversikt over kva som har skjedd i kretsen den siste tida, og arrangement kretsen har delteke på.

- Kretstingets årsmøte vart arrangert på skulehuset på Bua 8. februar, med emnekurs for speidarar kvelden før. Det var 42 deltakarar på årsmøtet og oppimot 30 deltakarar/leiarar på emnekurset.
- Felles transport til landsleiren i sommar er no ferdig planlagt. Alle gruppene som ynskja å vere med har fått informasjon.
- Hedleitun har vore utleigd ei helg sidan årsskiftet. Ingen utleige på Lier.

- Kretsen hadde tre representantar frå kretsstyret som deltok på KL-KS/roverombudsamling i Elverum.
- Kretsens helg våren 2025 vart avlyst. Dette grunna mangel på arrangør.
- Hyttevertane arrangerte open dag på Hedleitu. Her var de fleire besøkande, blant anna ein speidarpatrulje. Det vart gjort mykje bra og folk fekk moglegheit til å kome og sjå hytta. Etter årsmøtet har det blitt malt, satt på plass ny midlertidig do, satt inn ny sofa, fått nye kanoar og anna vedlikehald.

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 14/2025: Ekstraordinært kretsting

Under kretstingets årsmøte var det vedtatt at kretsen skal arrangere ekstraordinært årsmøte for å sjå vidare på saken om vasskjelde på Lier, samt velge representantar til valkomiteen.

Kretsstyret ynskjer å avholde det ekstraordinære årsmøtet etter sommarferien. Mogleg seint i august?

Kretsstyret tenkjer at eit digitalt møte er ideelt. Gjerne ein ettermiddag/kveld ein vekedag.

Kretsstyret ynskjer at sakspapira skal vere ferdigstilt innan 15 juni. Slik at gruppene får god tid til å førebu seg, og eventuelt kan snakke saman under landsleiren i sommar.

Saker til ekstraordinært kretsting:

- Vasskjelde på Lier – to alternativ
- Endring av kretsens retningslinjer. Under årsmøtet 2025 vedtok kretstinget å ikkje ta deltakaravgift for årsmøtet. I ettertid er det oppdaga at dette strider mot retningslinjene til kretsen. Difor må dette formelt endrast.
- Val – Treng to representantar til valkomiteen.

VEDTAK: Kretsstyret arbeider vidare mot ekstraordinært kretsting.

RK-sak 15/2025: Tilbakemeldingar frå KL-KS/roverombudsamling våren 2025

Tre representantar frå kretsen deltok, to på KL-KS og ein på roverombudsamling.

Roverombudsamling:

Marcus frå kretsstyret deltok.

Han syntes det var lærerikt og eit fint møte mellom roverombuda i landet.

Dei snakka mykje om samarbeid med andre kretsar/korps. Ryvarden kan f.eks samarbeide med MSK i haugesund.

KLKS:

Kretsleiar Magnus og vararepresentant i kretsstyret Carina deltok.

Dei syntes helga var kjekk og lærerik.

Det vart snakka mykje om leiartrening. Magnus skal ta kontakt med nettverk for leiartrenarar, for å undersøke om dei kan ha kurs for våre leiarar.

Det skal kome ein ny konsulentteneste for kretsane/gruppene. Der vil det vere Juristar, økonomirådgivar o.l. som kretsen/gruppene kan benytte seg av.

Det skal tilsettast nokre utviklingskooordinatorar i ulike kretsar. Vesterlen ynskjer ein, som dei kan dele med oss. Dei skal jobbe med vekst, oppstart av nye grupper, rekruttering av leiarar og speidarar. Får lønn gjennom forbundet.

VEDTAK: Kretsstyret tek tilbakemeldingane til orientering,

RK-sak 16/2025: Privat utleige av Hedleitun

Hyttevertane ynskjer å opne for privat leige av Hedleitun, til personar med tilknytning til speidaren.

Kretsstyret er positive til dette. Kretsstyret gir hyttevertane tillit til å organisere dette slik dei sjølv meiner at det er best, i forhold til pris, organisering o.l. Kretsstyret er sjølvstendig tilgjengelig for spørsmål/tilbakemeldingar ved behov.

VEDTAK: Kretsstyret godkjenner privat utleige av Hedleitun, og gir hyttevertane tillit til å organisere dette.

Eventuelt

- **Politiattestar:** Magnus informerer om at forbundet jobbar aktivt med å kontrollere at alle leiarar har politiattest. Dei som manglar vil få brev om dette, og må skaffe ein politiattest så snart som mogleg. Utmelding kan verte ein konsekvens dersom leiarar ikkje framvisar politiattest.
- **Neste styremøte:** Kretsstyret ynskjer at neste styremøte vert eit møte med fysisk oppmøte, gjerne ei helg. Kretsstyret ynskjer å bli betre kjend og møte kvarandre. Det vert avklart ein dato under dette møtet, men kretsstyret snakkar vidare i gruppechatten for å avtale dette.
- **Årshjul:** Det er ynskjeleg å lage eit årshjul for kretsstyret/kretsen. Kva oppgåver har kretsen/styret? Når skal det gjerast? Det hadde vore nyttig med ein slik oversikt. Dette vert det jobba vidare med på neste kretsstyremøte.
Øystein nevner at det har blitt gjennomført ei undersøking av forbundet, om kva gruppene ynskjer av kretsstyret? Dette hadde vore nyttig informasjon. Kretsstyret kan etterspørre statistikk frå forbundet.